

---

Saknr: 2020/37190-2  
Saksbehandlar: Jostein Hausevik  
Fjærestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020
Finansutvalet		28.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

## Bømlo fiskerihamn - garanti for forskottering

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i avtalen Kystverket hadde med Bømlo kommune for tiltak i fiskerihamna i Langevåg. Ansvar Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarende som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjonar, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune dekkjer kostnadane med bygging av molo, avgrensa til maksimalt 165 millionar kroner eks. mva. Byggekostnaden vil bli utbetalt med like store delar i perioden 2024-2028.
3. Investeringssummen er bindande og kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune tok frå 1.1.2020 over ansvaret for 99 fiskerihamner. To av desse hamnene ligg inne i NTP for perioden 2024-2029 med investeringsbeløp. Dette var Bømlo fiskerihamn i Langevåg og Kalvåg fiskerihamn i Bremanger.

Frå Bømlo kommune har det 15.01.2020 kome ein søknad om forskottering av Bømlo fiskerihamn. Ei investorgruppe har stifta Bømlo fiskerihamn AS med føremål å realisera hamna. Dei har teke på seg ansvaret med å forskottera utgiftene til bygging av skjermingsmoloen under føresetnad av at det vert garantert for at dei får utgiftene refundert frå fylkeskommunen.

Det er gjennomført omfattande undersøkingar og utgreiingar av Kystverket knytt til utbygging av molo i Langevåg. Eigeidomsavdelinga har gått gjennom desse og den framlagde kalkylen, og har funne at det utførde arbeidet er grundig og tilstrekkeleg til å starta utbygging av ny molo.

I kalkylen frå Kystverket frå 2016 er ny molo utan navigasjonsinstallasjonar kostnadsrekna til 140 millionar kroner eks. mva. Det er i kalkylen teke omsyn til usikkerheit i byggearbeida. Samla prisstigning fram til 2021 som byggeår er vurdert å vera omlag 15% med eit usikkerheitsspenn på +/- 3%. Fylkesrådmannen tilrår difor ei øvre ramme på 165 millionar kroner eks. mva. for å realisera moloen. Kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024

Dersom fylkeskommunen gjev ein garanti for forskottering til Bømlo kommune, vil prosjektet bli gjennomført av Bømlo fiskerihavn AS. Vestland fylkeskommune v/Eigedomsavdelinga vil vera representert i styringsgruppa for prosjektet og vil ha tett oppfølging med endringar og kostnader knytt til moloen. Det vil bli utarbeidd ein eigen avtale som sikrar fylkeskommunen innsyn og styringsrett til arbeida med molo som skal belastast fylkeskommunen. Det vil òg bli set krav til at prosjektet skal lysast ut offentleg og fylgja seriøsitetsføresegnene som Vestland fylkeskommune nyttar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg:

1. Søknad frå Bømlo kommune
2. Avtale mellom Kystverket og Bømlo kommune
3. Forprosjekt Bømlo fiskerihavn, Kystverket

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune tok frå 01.01.2020 over ansvaret for 99 fiskerihamner. To av desse hamnene ligg inne i NTP for perioden 2024-2029 med investeringsbeløp. Dette var Bømlo fiskerihamn i Langevåg og Kalvåg fiskerihamn i Bremanger.

Det blei i mai 2017 signert ein gjennomføringsavtale mellom Bømlo kommune og Kystverket knytt til planlegging og utføring av arbeida på fiskerihamna i Langevåg. Då ansvaret for fiskerihamnene blei overført til fylket, førte det til at grunnlaget for avtalen blei endra og dermed avslutta.

I forkant av signering av avtalen blei det av Kystverket gjennomført eit grundig forprosjekt der tilhøve som påverka saka og utbygginga blei undersøkt. Mellom anna vart det gjennomført bølgeanalysar, grunnundersøkingar, stabilitetsvurdering, samfunnsøkonomisk analyse og kostnadskalkyle inkludert ei usikkerheitsanalyse.

Tilsvarande har Bømlo kommune gjennomført ei kartlegging av kulturminne og området er frigitt av Riksantikvaren. Kommunen har òg gjennomført regulering av det aktuelle området.

Frå Bømlo kommune har det 15.01.2020 kome ein søknad om forskottering av Bømlo fiskerihamn. Ei investorgruppe har stifta Bømlo fiskerihamn AS med føremål å realisera hamna. Gruppen har teke på seg ansvaret for å forskottera utgiftene til bygging av skjermingsmoloen under føresetnad av at det vert garantert for at dei får utgiftene refundert frå fylkeskommunen.

### Gjennomføring

Dersom fylkeskommunen gjev ein garanti for forskottering til Bømlo kommune, vil prosjektet bli gjennomført av Bømlo fiskerihamn AS. Vestland fylkeskommune v/Eigedomsavdelinga vil vera representert i styringsgruppa for prosjektet og vil ha tett oppfølging med endringar og kostnader knytt til moloen.

Det vil i same prosjekt som byggjer molo òg bli etablert kaifrontar, infrastruktur o.l. i fiskerihamna. Kostnader til dette vil bli dekkja av Bømlo Fiskerihamn AS og Bømlo kommune ut frå eigne avtalar.

Det vil bli utarbeidd ein eigen avtale som sikrar fylkeskommunen innsyn og styringsrett til arbeida med moloen som skal belastast og driftast av fylkeskommunen. Det vil òg bli sett krav til at prosjektet skal lysast ut offentleg og fylgja seriositetsføresegnene som Vestland fylkeskommune nyttar. Eigedomsavdelinga vil setja av ein eigen ressurs/prosjektleiari som vil ha ansvaret for fylgja opp prosjektet i gjennomføringa.

Det er våren 2020 gjennomført arbeid knytt til å forbereda eit tilbudsgrunnlag, så prosjektet kan truleg utlysast allereie i august 2020 dersom garanti blir gjeven og Bømlo Fiskerihamn AS får naudsynte lånegarantiar. Prosjektoppstart vil då kunna bli seint i 2020 med ei ferdigstilling i 2022.

### Økonomi

Det er gjennomført omfattande undersøkingar og utgreiingar av Kystverket knytt til utbygging av molo i Langevåg. Eigedomsavdelinga har gått gjennom desse og den framlagde kalkylen, og har funnet at det utførde arbeidet er grundig og eit godt grunnlag for å berekna kostnaden for moloen. I tillegg er enkelte viktige einingsprisar sjekke mot marknaden i dag.

I kalkylen frå Kystverket frå 2016 er ny molo utan navigasjonsinstallasjonar kostnadsrekna til 140 millionar kroner eks. mva. Det er i kalkylen teke omsyn til usikkerheit i byggearbeida. Samla prisstigning fram til 2021 som byggeår er vurdert å være omlag 15% med eit usikkerheitsspenn på +/- 3%. Byggekostnaden er basert på det er berekna å bli 157-165 millionar kroner eks. mva. Fylkesrådmannen tilrår difor ei øvre ramme på 165 millionar kroner eks. mva. for å realisera moloen. Kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse då garantien belastar investeringsbudsjettet i 2024-2028

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ny skjermingsmolo i Langevåg på Bømlo er kalkulert til å kosta 157-165 millionar kroner inkludert prisstigning. Fylkeskommunen tek på seg, gjennom ein garanti til Bømlo kommune, ein framtidig investeringskostnad på opp til 165 millionar kroner eks. mva. fordelt med like store delar på åra 2024 til 2028. Investeringssummen er bindande og kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.

**Klima:** Påverknad på klima er ikkje vurdert å bli endra ut over klimaavtrykket til sjølve byggeprosjektet.

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Prosjektet vil legge til rette for framtidig verdiskaping, gode ringverknadar og busetting i ein viktig region knytt til uttak av ressursar frå havet. God regional kopling mot marin og maritim vidaregåande skule i Bømlo og marint og maritimt næringsliv i Sunnhordland.

## Konklusjon

Som ein fylgje av at forvaltningsansvaret for fiskerihamnene blei overført frå Kystverket til fylkeskommunane frå 01.01.2020, tilrår fylkesrådmannen at fylkeskommunen går inn i avtalen Kystverket hadde med Bømlo kommune knytt til ny molo i Langevåg. Unnateke er ansvaret for navigasjonsinstallasjonar som framleis er Kystverket sitt ansvar. Vidare anbefaler fylkesrådmannen at det blir gjeve ein garanti for forskottering av moloen til Bømlo kommune med ein maksimal ramme på 165 millionar kroner eks. mva. Garantien blir gjeven slik at Bømlo kommune og Bømlo Fiskerihavn AS kan starta arbeidet med å realisera molo og nytt hamneanlegg allereie i 2020. Fylkeskommunen vil utbetala dei byggekostnadane som er knytt til moloen i samsvar med avtalen med like store delar i åra 2024 til 2028. Kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.